



HeadVisor  
Torgalmenningen 1A  
5014 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3010 - 16/24219

Saksbehandlar:  
Øyvind H. Oddekalv  
oyvind.oddekalv@meland.kommune.no

23.12.2016

## Rekruttering av rådmann - førespurnad om tilbod

Meland kommune skal rekruttere ny rådmann, og ber om tilbod frå leverandørar av rekrutteringstenester.

Vi ønskjer eit samla tilbod på følgjande oppgåver:

- Jobbanalyse og utarbeiding av utlysingstekst
- Annonsering og aktivt søk etter aktuelle kandidatar
- Gjennomføring av intervju/referanseintervju/analyse av kandidatane sin kompetanse/anna vurdering av kandidatane
- Oppsummering av prosessen/innstilling

Dette er meint som ei grovskisse av prosessen. Ved innsending av tilbod, ber vi om at de gjer greie for framgangsmåte og metodikk. Prosessen må følgje gjeldande reglar for offentlege tilsetjingar, inkludert dei krav vi har til dokumentasjon av prosessen. Vi ber om ein førebels tidsplan. Vi ønskjer at oppdraget vert gjennomført så raskt som mogleg, med sikte på signering av arbeidskontrakt innan 1. mars 2017.

Vi vil vurdere tilboda etter følgjande kriterium:

1. **Gjennomføringsevne.** Plan og organisasjon gir tiltru til at leverandør kan skaffe oss kontrakt med riktig kandidat innan avtalt tidsfrist, og gjennomføre prosessen innafør rammene av lov og avtaleverk.
2. **Pris.** Føreseieleg og forståeleg kostnadsbilete. Totalpris for oppdraget, inkludert annonsering. Vi ber om at pristilbod inkluderer reise, telefon, oppmøte/møte, frakt, gebyr og alle andre ekstra omkostningar.

Evt. atterhald frå leverandøren skal vere klart og tydeleg skrive i tilbodet, slik at dei enkelt kan verte vurdert.

Det er nedsett ei lokal arbeidsgruppe som skal vere med i prosessen, blant anna i intervju.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Tilsettinga skjer i kommunestyret. Målet er at saka skal til kommunestyret i februar 2017.

For spørsmål, kontakt ordførar Øyvind H. Oddekalv, mobilnr. 913 17 450 eller e-post [oyvind.oddekalv@meland.kommune.no](mailto:oyvind.oddekalv@meland.kommune.no).

Tilbod må vere oss i hende innan kl 12.00 torsdag 05.01.2017.  
Send tilbod til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) eller Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug.

Med helsing

Øyvind H. Oddekalv  
Ordførar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

HeadVisor	Torgalmenningen 1A	5014	BERGEN
Mercuri Urval	Postboks 6201	5893	BERGEN
Mercuri Urval	Gro Reinertsen	5068	BERGEN
Skagerak Consulting			